



Stusdal VVS AS  
Apalen 17  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3981 - 14/16461

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
29.10.2014

## Godkjenning - tilkopling til kommunalt VA-anlegg, gbnr 52/7 på Kårbø.

**Administrativt vedtak. Saknr: 303/2014**

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, dagsett 08.10.2014 og 10.10.2014, søkt om tilkopling til kommunalt VA-anlegg, for ein fritidsbustad, gbnr 52/7, på Kårbø. Tilkopling skal skje i kommunal kum. Når hovudleidningen vart etablert, vart det lagt stikk ut frå kommunal kum, under kommunal veg og inn på søkjar sin eigedom.

Eigedomen har i dag privat avlaupsløysing med slamavskiljar. Slamavskiljaren skal koplast ut ved tilknytning til kommunalt VA-anlegg.

### Vurdering:

Slamavskiljarar som ikkje lenger er i bruk skal sikrast. Dette kan gjerast ved at dei vert fjerna eller ved at dei vert tømde og fylt igjen med steinmassar. Eigar må sjølv syte for naudsynt tømning og sikring av slamavskiljaren. Tilknytning til kommunal slamtømmeordning går ut.

Administrasjonen har elles ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale VA-anlegget.

Tiltaket er søknadspiktig etter plan- og bygningslova. Nausynt ansvarsrett ligg ved saka.

### Vedtak

«Meland kommune godkjenner at gbnr 52/7 vert tilknytt kommunalt VA-anlegg i samsvar med søknad dagsett 08.10.14 og 10.10.14 på følgjande vilkår:

Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.

Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.

Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.

Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.

Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2014 er tilknytingsgebyret for vatn kr 10 000,- og for kloakk kr 10 000,- pluss mva.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova»

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Vedlegg:

Situasjonskart

#### Kopi til:

Øystein Kårbø	Mangerbua 16	5911	ALVERSUND
---------------	--------------	------	-----------

#### Mottakere:

Stusdal VVS AS	Apalen 17	5915	HJELMÅS
----------------	-----------	------	---------